

# D · Y · S · L · E · K · S · I

## Rettar i opplæringa:

- **Datahjelpemiddel:** Eleven har rett på personleg lisens til programvare med stavestøtte og opplesing av tekst /talesyntese frå NAV Hjelpemiddelsentral.
  - Ein kan også søkje om tilskot til PC dersom eleven ikkje har eigen skule-PC.
  - Digitale skulebøker og lyd støtte.
  - Lånerett hjå Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek (nlb.no).
- **Tilrettelagde prøver og eksamen:** Stavekontroll (t.d. Lingdys **Pluss**), diktering/tale-til-tekst og talesyntese (markere tekst og få den opplest).
  - Utvida tid og moglegheit til å ta eksamen på eit eige rom (t.d. ved bruk av diktering).
  - Munnlege prøver, eller kombinert munnleg og skriftleg.
- **Nasjonale prøver:** Frå og med 31.08.2022 skal elevar med dysleksi og elevar med vedvarande lesevanskar få tilbod om å nytte lesestøtte ved gjennomføring av nasjonale prøver i engelsk og lesing. Det er skulen som skal leggje til rette for dette. Elevane kan nytte hjelpemiddel som dei elles nyttar i klasserommet (jf.: [Administrere nasjonale prøver \(udir.no\)](#)).
- **Tilrettelagd opplæring i- og for bruk av kompensierende hjelpemiddel:** Det fordrar mykje utforsking, øving, prøving og feiling, før eit hjelpemiddel kan vurderast som eigna til å avhjelpe eleven, og det er skulen sitt ansvar at elevane får tileigne seg naudsynt erfaring og dugleik.
  - Tilrettelegginga krev arbeid med **organisatoriske løysingar**, m.a. knytt til eleven sin rett til bruk av **diktering** i skulearbeid, på prøver og eksamen – der m.a. behov for fleire rom er ein sentral problemstilling. Det å leggje til rette for diktering i skulekvardagen fordrar at elevane får høve til å gå ut av klasserommet for å diktere/snakke inn tekst.
  - **Tilrettelagd for opplesing av tekst:** Dersom lærar t.d. kopierer opp ein tekst til klassen, må denne skannast frå kopimaskina til e-post (vel Leveringsformat: *Word (.docx)-True page*) slik at dei elevane som treng det får høve til å nytte talesyntese/markere teksten og få den lest opp.
- **Variasjon i læringsmetodar og vurderingsform;** elevar med dysleksi er ikkje fritatt skriftlege vurderingar, men det å produsere fagtekstar og skriftlege innleveringar krev ofte mykje, sjølv med god bruk av digital lese- og skrivestøtte. Det er difor hensiktsmessig og naudsynt at faglærarane samarbeider på tvers av faga, slik at ein ikkje krev meir skriftleg vurderingsgrunnlag enn det som er naudsynt.

- **Tilpassa og tilrettelagde lekser:** Integrer /spesifiser gjerne at det er rom for bruk av digital lese- og skrivestøtte i leksearbeid. Det er ikkje sikkert at høve til å diktere engelskleksa er like sjølvstøtt for eleven som det er for læraren.
  - Val, omfang og utforming av lekser bør drøftast og samkøyrast av kontaktlærar og faglærarane, opp mot det som til ei kvar tid utgjer eleven sitt skriftlege vurderingsgrunnlag i faga. Dersom grunnlaget i eit eller fleire fag vurderast tilstrekkeleg bør eleven få høve til å vise sin kompetanse på ein *annan måte* enn skriftleg.
- **Prosjektarbeid og samarbeidslæring** er gode læringsmetodar, også for elevar med dysleksi.
- **Medverking:** Eleven skal få høve til å vurdere sin eiga læring, metodikk, strategiar og bruk av digital lese- og skrivestøtte; korleis hen lærar best og mest.
- **Ekstra støtte frå Lånekassen:** Studentar kan søkje om tilleggsstipend frå Lånekassen dersom lese- og skrivevanskar hindrar hen frå å jobbe ved sida av studiane.

Syner elles til PPT si nettside ([www.alverkommune.no](http://www.alverkommune.no)) for informasjon om søknad til NAV Hjelpemiddelsentral og tilrådd digital lese- og skrivestøtte.